

# Frå olje til nullutslepp

---

## Problemet

Klimaendringane er i gang. 2016 er det varmaste året som nokon gong er registrert på jorda etter at målingane starta. I Noreg merkar vi at høgare temperatur gir meir ekstremvêr, styrtregn og flaum. Det nye vêret gir allereie øydeleggingar og problem her heime, men det er ikkje vi som vert hardest råka no, det er det dei fattige landa som vert. Ekstremvêret kjem oftare og kraftigare og gjer menneske huslause, og mattryggleiken vert øydelagt. Allereie i dag er det fleire på flukt som følgje av klimaendringar og ekstremvêr enn som følgje av krig og konflikt. Det er landa som har forureina minst, som vert hardest råka. Vi må kutte utsleppa no for å stogge dei farlege forverringane i klimaet.

## Motstandarane

Høgreregjeringa er meir opptatt av å redde oljenæringa enn å kutte i utslepp. Dei opnar nye oljefelt framfor å investere i fornybar energi, og brukar milliardar på vegar framfor å byggje ut tog og bane. Det er fortsatt muleg å snu utviklinga, men det krev at politikarane prioriterer miljøet. Mens nabolanda våre klarer å kutte utslepp, aukar utsleppa i Noreg etter fleire år med nedgang.

Dei kortsiktige profittmotiva til direktørar og aksjonærar i oljeindustrien og andre miljøøydleggjande næringar må stoggast. Så lengje store kapitalinteresser og politikarar som ikkje er klare til å ta ansvar, har fritt spelerom, vil ein ikkje finne ei løysing på klimakrisa.

## Alternativa

Noreg må kutte sine egne klimautslepp, heller enn å leggje ansvaret på andre land. Det er både rettferdig og solidarisk. Sjølv om vi støttar andre land i å kutte utslepp, fritar ikkje dette oss frå å kutte dei alt for høge norske utsleppa. Olja har plassert Noreg på utsleppstoppen, og det gir oss eit særskilt ansvar. I gjennomsnitt slepp ein nordmann ut nesten 22 gonger meir enn ein frå Bangladesh, og dobbelt så mykje som ein svenske.

Det viktigaste vi må gjere for å kutte i utsleppa er å la olje og gass bli liggjande. Verda har allereie funne meir fossil energi enn klimaet toler. I norske havområde finn ein sårbare område som skapar evigvarande verdiar for Noreg. Utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja finn ein fødestova til torsken, og norsk vårgytande sild har si fødestove på Møreblokkene. Slike område er særleg viktige å ta vare på.

## Løysingane

Vi må også vri investeringane bort frå motorvegar og over på kollektivtransport og elbilar. Vi skal byggje ut jernbanen heller enn å leggje opp til meir flytrafikk. Ved å vri investeringar frå fossil olje og over på nullutsleppsløysingar i næringslivet, kan vi tryggje og skape arbeidsplassar. Det skal vere lett å gjere klimavennlege val. Klimapolitikken skal gjere det muleg for mora på Veitvet, læraren i Sogndal og kystfiskaren i Steigen å bli med på miljødugnaden.

### Vi vil ta kampen mot klimaendringane ved å:

- **Ha varig oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja**, og ikkje opne for oljeverksemd i Møreblokkene, iskanten, polarfronten og dei delane av norsk sokkel som ikkje er opna.



- **Prioritere pengar til kollektivtrafikk, sykkel og gange** framfor motorvegar inn mot byane.
- **Byggje ut lyntog framfor å utvide flyplassar ved dei store byane.** Difor går vi mot nye rullebanar på Gardermoen og Flesland.
- **Sikre at 9 av 10 nye bilar som blir selt er nullutsleppsilar innan 2021.** Dette skal vi få til ved å vri kjøpsavgiftene på nye bilar slik at elbilen utkonkurrerer bensin- og dieselbilen i nybilsalet.
- **Kutte utslepp og skape vekst i industrien** med ny teknologi og fangst og lagring av CO2.
- **Trekke oljefondet ut av investeringar i fossil energi.** Fossile løysingar tilhøyrer gårsdagen og er korkje ansvarlige, anstendige eller lønsame i framtida.